



Svein Telstø Kvamme
Erstadvegen 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15826 - 23/58522

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
13.07.2023

Godkjent endring av løyve - gbnr 61/1 Skotsund

Administrativt vedtak: Saknr: 765/23
Tiltakshavar: Svein Telstø Kvamme
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Søknad om endring av administrativt vedtak saknr.: 769/21 datert 03.07.2021 vert godkjent. Endringa gjeld ny plassering av driftsbygning. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Driftsbygningen skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 29.06.2023, jf. pbl §29-4, jf. SAK §6-3.**
- 2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.**
- 3. Vilkår om tilknytning til privat avlaupsanlegg i sak 21/4669 gjeld framleis.**

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-4 b.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av driftsbygning , jf. vedtak datert 03.07.2021. Endringa gjeld ny plassering ved at driftsbygninga vert plassert 20 meter mot sør.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.06.2023.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.06.2023 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå den dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031, planid 1263 – 201805, er avsett til LNF- føremål. Eigedomen ligg innanfor omsynssone landbruk og omsynssone kulturmiljø, den indre farleia.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med arealføremålet.

Uttale frå anna styresmakt

Søknad var oversendt Vestland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteressene.

Nabovarsel

Tiltaket var nabovarsla. Det kom ikkje merknader frå nabo. Kommunen vurderer at endra plassering av tiltaket ikkje påverkar nabo eller gjenbuar sine interesser. Kommunen gjev fritak frå nabovarsel, jf. plan- og bygningslova §21-3 andre ledd.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan vedlagt søknad. Ingen endring av plassering i vertikalplanet. På situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til å vere 66 meter. Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 83 meter.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avløp ved private anlegg. Utsleppsløyve for eksisterande bustad og ny driftsbygning med reinsing i minireinseanlegg gitt i løyve datert 28.06.2021.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Nabo og gjenbuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

De må søka om ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/15826

Med vennleg helsing
Alver kommune

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Skøssen Gard Ans
Svein Telstø Kvamme

Erstadvegen 1 5911
Erstadvegen 1 5911

ALVERSUND
ALVERSUND